

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	07.04.2008	037/08	Kristin Molt Korsnes

Avgjerd av: Formannskapet	Arkiv: G21	Arkivsaknr 08/513
---------------------------	---------------	----------------------

Interkommunalt legevaktsamarbeid, natt - Vidareføring av avtale

Framlegg frå Rådmannen:

Samarbeidsavtale for interkommunal legevakt på natt vert vidareført i samsvar med vedlagt forslag til revidert avtale. Erfaringane med legevaktsamarbeidet er positive og ein er innstilt på å utvide samarbeidet til i neste omgang å gjelde dag/kveld i helgar og høgtider, seinare eventuelt også kveldar i vekedagane.

Behandling i Formannskapet den 07.04.2008:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS-037/08 Vedtak:

Samarbeidsavtale for interkommunal legevakt på natt vert vidareført i samsvar med vedlagt forslag til revidert avtale. Erfaringane med legevaktsamarbeidet er positive og ein er innstilt på å utvide samarbeidet til i neste omgang å gjelde dag/kveld i helgar og høgtider, seinare eventuelt også kveldar i vekedagane.

Saksutgreiing:

Haram, Ålesund, Sula og Giske har sidan 01.02.06 hatt interkommunalt legevaktsamarbeid på natt. Erfaringane frå det interkommunale samarbeidet er positive. Tilbodet har fungert som forventa og ein vurderer det som medisinsk forsvarleg, det har heller ikkje kome noko klager.

Både kommunelege I Øyvind Haugen og Tom Christensen ved Haramsøy legekantor går inn for å vidareføre ordninga. Dei uttalar at ordninga har fungert medisinsk forsvarleg for innbyggjarane, og at det har medført stor endring i vaktordninga til legane på ein positiv måte. Stabil legedekning er viktig for kvaliteten på legetenesta, men det medfører også at vi – etter kvart får legar som har rett på fritak for vakter. To av legane i kommunen er over 60 år, og har dermed fritak for vakter, fem av dei seks andre er over er 50 år. Ein ser det ikkje som aktuelt å gå attende til den tidlegare

ordninga. Vi har og erfaring med at rekruttering til allmenmedisin er synkande og pliktig deltaking i legevakt er ein vestleg faktor her, då er interkommunal legevaktsordning eit pluss. Både kommunelege I og Christensen meiner at det bli nødvendig å utvide den interkommunale legevakta til også å omfatte helgar og etter kvart også etter kl 15 på kvardagar. Det vil då vere nødvendig med meir enn ein lege på den interkommunale legevakta, slik at ein lege kan rykke ut ved dødsfall og nødvendige sjukebesøk til sjukeheimar og liknande.

Vurdering: